



Kålås Bygg AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1718 - 19/26725

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

06.09.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - GBNR 188/48 Gjervik Ytre - garasje

Tiltak: Garasje – Kvassnesvegen 83

Byggjestad: GBNR 188/48

Tiltakshavar: Stein Raunehaug

Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot for oppsetting av garasje på gbnr 188/48 Kvassnesvegen 83.


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Eigar av gbnr 188/48 har søkt kommunen om å få bygge på bustad slik at den vert gjort om til ei generasjonsbustad. I samband med dette er det behov for meir parkeringsareal. Dette vert løyst ved etablering av 2 plasser i garasje og 2 utvendige plasser. Det er også vist snuareal for kjøretøy på eigen grunn.

Vurdering:

Garasje vil få ei plassering 7,3 meter frå vegmidt. Ved denne plasseringa vil siktsoner til avkjørslene langs vegen være stetta. Det er tilstrekkeleg plass til å opparbeide svingradius i ei eventuell ny avkjørsle. Dagens parkeringsforhold er ikkje god. Tiltak som vist i søknad vil forbedre parkeringsforholda betraktelig.



Dagens parkeringssituasjon



Ny parkeringssituasjon

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg på følgjande vilkår:

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Lindås kommune ved Teknisk drift dispensasjon frå byggegrense mot veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom garasje og midt kommunal veg skal være **7,3** meter (som omsøkt).
- Som følge av garasjen sin plassering innanfor byggegrense mot regulert kommunal veg, fråseier Lindås kommune seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av vegen. Dersom det oppstår skader på garasjebygg under normal drift og vedlikehald av veg, er dette kommunen uvedkommande. Tiltakshavar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Vedtaket gjeld berre løyve til å plassere tiltak innafør byggegrense mot veg iht Veglova. Vi gjer merksam på at tiltak er søknadspiktig etter plan og bygningslova. Det betyr at tiltaket først kan settast i gong når det ligg føre løyve frå byggesak.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglande i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. Veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker jf. fvl. § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er gått ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtak, og kva endingar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Stein Raunehaug

Kjedalen 7

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Kåls Bygg AS